

SYKKYLVEN

Kommunedirektørens årsmelding

År 2020

INNHALD

Om årsmeldinga:	5
Verknad av ny kommunelov vedkomande rekneskapsavsluttinga	6
Om rekneskapen:	6
Punkt i årsmeldinga i samsvar med kommunelova § 14-7:.....	7
Tilhøve som er viktige for å vurdere den økonomiske stillinga:	7
Netto driftsresultat dei seinare åra:	7
Akkumulert under-/overskot:	8
Likviditet:	8
Likviditetsgrader (L1)	9
Utvikling i lånegjeld i høve driftsinntekter:	10
Netto lånegjeld:	10
Finansielle måltal	11
Likestilling og diskriminering:.....	11
Tilsette fordelt etter kjønn.....	13
Iverksette tiltak for å sikre betryggande kontroll og høg etisk standard:.....	14
Eigedomsskatt	15
Hendingar etter balansedagen med betinga utfall:	15
Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap	16
Budsjett- og rekneskapsskjema 1A:	17
Budsjett- og rekneskapsskjema 1 B	19
Budsjett og rekneskapsskjema 2 A	20
Premissar for løyvingar	22
Investeringsbudsjett/Rekneskap	22
Driftsbudsjettet	23
Beløpsmessige avvik mellom budsjett og rekneskap.....	24

Om årsmeldinga:

Etter kommunelova § 14-3 skal kommedirektøren kvart år legge fram årsmelding.

Årsmeldinga skal etter kommunelova § 14-7 avleverast innan 31. mars.

I same paragraf er det lista opp nokre punkt som årsmeldinga skal omtale:

- A. Tilhøve som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklinga og stillinga, og om den økonomiske utviklinga og stillinga ivaretek den økonomiske handleevna over tid
- B. Vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen og vesentlege avvik frå kommunestyrets premisser for bruken av løyvingane
- C. Verksemdas måloppnåing og andre ikkje-økonomiske tilhøve som er av betydning for kommunen eller innbyggjarane
- D. Tiltak som er iverksett og tiltak som er planlagt iverksett for å sikre ein høg etisk standard
- E. Den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling
- F. Kva kommunen gjer for å oppfylle arbeidsgivars aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringslova

I tillegg har Institutt for god kommunal rekneskapsskikk 19. januar 2018 fastsett standard for notar og årsmelding.

Frå standarden, 3.2.1 Pliktig innhald i årsmeldinga:

- 1. Opplysningar om tilhøve som er viktige for å bedømme kommunens økonomiske stilling og resultatet av verksemda, som ikkje kjem fram i årsrekneskapen.
- 2. Opplysningar om andre tilhøve av vesentleg betydning for kommunen.
- 3. Redegjering for tiltak som er iverksett og tiltak som er planlagt iverksett for å sikre betryggande kontroll og ein høg etisk standard i verksemda.
- 4. Redegjering for den faktiske stillinga når det gjeld likestilling i kommunen.
- 5. Redegjering for tiltak som er iverksett, og tiltak som er planlagt iverksett for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillings- og diskrimineringslova, samt for å fremme formåla i likestillings- og diskrimineringslova når det gjeld etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.
- 6. Redegjering for vesentlege avvik mellom utgifter og inntekter i årsrekneskapen og regulert budsjett.

Som ein ser er krava stort sett like, men er litt meir utfyllande tekstmessig i standarden.

Verknad av ny kommunelov vedkomande rekneskapsavsluttinga

Dette er nærare omtala i note 13 – Strykingar, i notar til rekneskapen, og også synt i sjølve rekneskapen:

OVERSIKT OVER SAMLA BUDSJETTAVVIK OG ÅRSAVSLUTTINGSDISPOSISJONAR (Forskr § 5-9)

Driftsrekneskapen	År 2020
1. Netto driftsresultat	-4 192 694,28
2. Sum budsjettdisposisjonar	7 935 615,88
3. Årets budsjettavvik (meir- eller mindreforbruk før strykingar)	3 742 921,60
7. Stryking av bruk av disposisjonsfond	-3 742 921,60
8. Meir eller mindreforbruk etter strykingar	0,00
13. Framført til inndekking i seinare år (meirforbruk)	0,00

Dei av postane 4 til 7 og 9 til 12 som ikkje er aktuelle, skal utelatast

Investeringsrekneskapen	År 2020
1. Sum investeringsutgifter, investeringsinntekter og netto utgifter vidareutlån	8 647 524,83
2. Sum budsjettdisposisjonar	15 614 678,37
3. Årets budsjettavvik (udekka eller udisponert beløp før strykingar)	24 262 203,20
6. Stryking bruk av lån	-24 262 203,20
10. Framført til inndekking seinare år (udekka beløp)	0,00

I medhald av kommunelova §§ 4-1 tom 4-6 og budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-9 har kommunedirektøren redusert inntektsføring av disposisjonsfond med kr 3 742 921,60 i høve det som er budsjettert. Dette for å fjerne mindreforbruk i driftsrekneskapen.

På same måte har kommunedirektøren i medhald av kommunelova §§ 4-1 tom 4-6 og budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-9 redusert inntektsføring av lånemidlar i investeringsrekneskapen med kr 24 262 203,20 – Ned til det som trengst for å avslutte investeringsrekneskapen i balanse.

Om rekneskapen:

Kommunen fører rekneskapen sin etter eit finansielt orientert rekneskapssystem i tråd med forskrifter nedfelt i medhald av kommunelova.

Kommunerekneskapen er arbeidskapitalorientert ettersom drifts- og investeringsrekneskapane viser all tilgang på og all bruk av midlar.

Arbeidskapitalen er lik differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld. Dette medfører at kommunerekneskapen seier noko om kommunen si evne til å dekke betalingsforpliktelsane på kort og lang sikt. Eit meirforbruk i ein kommunerekneskap fortel dermed at kommunen har fått ein ikkje tilsikta reduksjon i arbeidskapitalens kortsiktige del. Eit mindreforbruk fortel dermed at kommunen har fått ein ikkje tilsikta auke i arbeidskapitalens kortsiktige del.


Det er i ein kommunerekneskap ikkje noko målsetting å bokføre store mindreforbruk. Ein kommune skal yte tenester til innbyggjarane og ta sikte på ein sunn kommuneøkonomi. Fokus må heile tida vere på å produsere dei rette tenestene til innbyggjarane på ein mest mogleg rasjonell måte.

Punkt i årsmeldinga i samsvar med kommunelova § 14-7:

Tilhøve som er viktige for å vurdere den økonomiske stillinga:

Netto driftsresultat dei seinare åra:

ÅR	NETTO DRIFTSRESULTAT
År 2007	452 433
År 2008	-20 789 800
År 2009	-6 022 905
År 2010	-3 782 061
År 2011	869 770
År 2012	7 026
År 2013	-1 107 771
År 2014	-5 524 852
År 2015	41 045 359
År 2016	30 387 054
År 2017	8 865 840
År 2018	1 465 685
År 2019	-1 860 807
År 2020	-4 192 694



Ofte når det er tale om over- eller underskot i ei verksemd som fører rekneskapan etter Norsk Standard, talar ein om Ordinært resultat.

Omgrepet Netto driftsresultat er det resultatomgrepet etter kommunal rekneskapsstandard som ligg nærast opp til Ordinært resultat (Over-/underskot) i ei verksemd som fører rekneskapan i samsvar med Norsk Standard (Resultatorientert rekneskap).

TBU (Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi) har rekna ut at ettersom alt kapitalslit ikkje vert ført som utgift i eit finansielt orientert rekneskap, treng kommunane over tid eit netto driftsresultat på 1,75 prosent av driftsinntektene.

For år 2020 utgjorde netto driftsresultat -0,73 prosent av driftsinntektene, 2,5 prosentpoeng dårlegare enn kravet.

Dei siste tre åra har netto driftsresultat i snitt vore -0,05 prosent av driftsinntektene. 1,8 prosentpoeng dårlegare enn kravet.

Akkumulert under-/overskot:

I år 2015 dekkja kommunen siste rest av akkumulert underskot, kr 19 578 601, og vart ved godkjenning av rekneskapan for år 2015, i juni 2016, meldt ut av ROBEK.

Hovudårsaker til økonomiske utfordringar:

Kommunedirektøren ser tre hovudårsaker til Sykkylven kommunes økonomiske problem:

- Låge inntekter
Iflg KMD, Kommuneøkonomiproposisjonen for året 2020, var korrigerede frie inntekter per innbyggjar 2019 (Inntekter korrigeret for variasjonar i utgiftsbehovet i kommunane) inkl. eigedomsskatt og konsesjonskraft/heimfallsinntekter berre 92 prosent av landssnitt.
- Finansielle instrument
Kommunens eksponering i finansielle instrument fekk ein effekt stikk motsett av det som var årsaka til at ein tok instrumenta i bruk.
- Endring i rammevilkåra. Sykkylven kommune får store kutt i rammeoverføringane grunna:
 - Sykkylven kommune er ein «friviljug» liten kommune
 - Negativ demografiutvikling

Likviditet:

Akkumulert premieavvik som enno ikkje er belasta driftsrekneskapan legg eit stort press på likviditeten.

ÅR	FONDSMIDLAR	AKKUMULERT PREMIEAVVIK INKL ARBEIDSGIVARAVG	AKKUMULERT UNDERSKOT	SUM FOND, PREMIEAVVIK OG AKK. UNDERSKOT
År 2000	9 351 558	0	-3 978 353	5 373 206
År 2001	59 516 030	0	-2 652 353	56 863 677
År 2002	51 589 506	0	-13 413 421	38 176 085
År 2003	52 019 965	-7 372 614	-19 570 177	25 077 174
År 2004	60 700 444	-8 751 707	-20 479 057	31 469 680
År 2005	51 910 441	-10 571 723	-16 154 573	25 184 145
År 2006	47 711 432	-12 237 165	-7 065 635	28 408 632
År 2007	26 551 744	-18 304 082	0	8 247 662
År 2008	26 044 453	-30 548 998	-21 253 838	- 25 758 383
År 2009	21 218 349	- 26 885 443	-25 376 400	- 31 043 494
År 2010	22 446 537	- 34 759 912	- 31 674 206	- 43 987 581
År 2011	18 833 197	-46 156 381	-37 580 234	-64 903 418
År 2012	14 909 969	-41 159 827	-37 591 178	-63 841 036
År 2013	17 255 823	-34 471 068	-43 430 108	-60 645 353

ÅR	FONDSMIDLAR	AKKUMULERT PREMIEAVVIK INKL ARBEIDSGIVARAVG	AKKUMULERT UNDERSKOT	SUM FOND, PREMIEAVVIK OG AKK. UNDERSKOT
År 2014	13 907 970	-40 353 844	-50 259 701	-76 705 575
År 2015	9 915 201	-41 538 544	-19 578 601	-51 201 944
År 2016	14 088 260	-44 162 287	0	-30 074 027
År 2017	30 895 690	-45 820 212	0	-14 924 522
År 2018	36 134 915	-47 460 975	0	-11 326 060
År 2019	33 343 082	-52 723 085	0	-19 388 003
År 2020	36 113 819	-32 435 883	0	3 677 935

Vi må heilt attende til år 2007 for å finne eit positivt resultat. Årsaken ligg i reduksjonen i premieavvik.

Likviditetsgrader (L1)

NØKKELTAL LIKVIDITET	REKNESKAP 2020	REKNESKAP 2019	REKNESKAP 2018	REKNESKAP 2017	REKNESKAP 2016
Omløpsmidlar (OM)	117 494 376	124 930 982	120 199 306	149 366 434	107 274 816
-Premieavvik	-33 641 833	-54 806 507	-47 460 975	-49 879 861	-48 395 309
Korrigert OM	83 852 544	70 124 475	72 738 331	99 486 573	58 879 507
- Ubrukte lånemidlar	-18 077 581	-15 233 829	-6 579 527	-37 628 881	-6 691 921
Korrigert OM eks. ubrukte lån	65 774 963	54 890 646	66 158 804	61 857 692	52 187 586
Kortsiktig gjeld eks. premieavvik	74 389 493	77 248 536	73 423 191	78 319 041	75 459 288
Avdrag lånegjeld neste år	20 398 656	21 813 355	16 393 702	16 513 192	14 195 485
Korrigert kortsiktig gjeld	94 788 149	99 061 891	89 816 893	94 832 233	89 654 773


NØKKELTAL LIKVIDITET	REKNESKAP 2020	REKNESKAP 2019	REKNESKAP 2018	REKNESKAP 2017	REKNESKAP 2016
L1 Utan korrigeringar	1,58	1,62	1,64	1,91	1,42
L1 Korr for premiavvik	0,88	0,71	0,81	1,05	0,66
L1 Korrigert for ubrukte lån	0,69	0,55	0,74	0,65	0,58

Tala i tabellen over bør vere lik eller over 2.

Nøkkeltala for likviditet tilseier at Sykkylven kommune bør auke likviditeten sin gjennom oppbygging av disposisjonsfond.

Utvikling i lånegjeld i høve driftsinntekter:

År	Driftsinntekter	Lånegjeld	Lånegj i % av driftsinnt
År 2006	306 497 893	318 879 299	104,04 %
År 2007	332 231 610	334 247 608	100,61 %
År 2008	349 969 716	365 134 255	104,33 %
År 2009	375 707 388	393 903 268	104,84 %
År 2010	390 290 338	437 485 810	112,09 %
År 2011	425 384 633	484 431 861	113,88 %
År 2012	453 740 147	484 064 417	106,68 %
År 2013	471 521 229	484 267 433	102,70 %
År 2014	477 358 733	476 322 491	99,78 %
År 2015	493 812 052	465 804 979	94,33 %
År 2016	523 714 465	461 241 121	88,07 %
År 2017	533 761 611	542 532 527	101,64 %
År 2018	547 475 266	530 118 577	96,83 %
År 2019	564 609 532	564 982 928	100,07 %
År 2020	574 159 157	589 220 663	102,62 %



Netto lånegjeld:

Det mest brukte tallet for å fortelle noko om kommunens gjeldsnivå. Består av langsiktig gjeld (utanom pensjonsforpliktelsar) minus ubrukte lån og utlån fra kommunen.

Netto lånegjeld vert gjerne synt i kroner per innbyggjar eller i prosent av brutto driftsinntekter.

ÅR	NETTO LÅNEGJELD	NETTO LÅNEGJELD PER INNBYGGAR
År 2015	451 091 695	58 774
År 2016	465 597 890	60 507
År 2017	443 500 510	57 635
År 2018	505 847 046	66 063
År 2019	525 545 164	68 699
År 2020	557 809 880	73 270

Finansielle måltal

Den nye kommunelova som tok til å gjelde frå 1. januar 2020, § 14-2 gir kommunane slikt pålegg:

Kommunestyret skal sjølv vedta finansielle måltall for kommunens økonomi.

I K-sak 98/19 fastsette kommunestyret slike måltal som førande for økonomiforvaltninga:

1. Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter – minimum 1,75 prosent
2. Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter – minimum 5 prosent
3. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter – maksimum 100 prosent.

Måla gjeld ikkje som eit mål ved rekneskapsavsluttinga for år 2020, men eit mål kommunen skal arbeide mot.

Variabel	Minimum/maksimum	Mål	Resultat 2020
Netto dr.resultat	Minimum	+ 1,75 prosent	-0,73 prosent
Disposisjonsfond	Minimum	5 prosent	3,15 prosent
Lånegjeld	Maksimum	100 prosent	102,62 prosent

Likestilling og diskriminering:

Etter kommunelova § 14-7 andre ledd bokstav e og f skal det i årsmeldinga gjerast greie for den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling og kva kommunen gjer for å oppfylle arbeidsgjevar sin aktivitetsplikt etter likestillings – og diskrimineringslova § 26.

I Prop. 63 L (2018-2019) følgjer det at når det gjeld den faktiske tilstanden i samband med kjønnslikestilling så skal det gjevast opplysingar om:

- Kjønnbalanse i kommunen
- Resultat etter lønnskartlegging fordelt på kjønn
- Resultat etter kartlegging av ufrivillig deltidsarbeid
- Tal på deltidsarbeid, mellombels tilsette og foreldrepermisjon, rekruttering, avansement, arbeidskraftbehov, sjukefråver og vidareutdanning skal oppgjevast

Sykkylven kommune hadde i 2020 587 faste tilsette, der om lag 80 % av desse er kvinner og 20 % er menn. I toppleiinga er det tre menn og ei kvinne. Blant einingsleiarar er 12 kvinner og fem menn. I lågare administrative stillingar (konsulentar, sakshandsamarar, rådgjevarar) er det ei overvekt av kvinner.

Det er eit tradisjonelt kjønnsrollemønster i kommunen:

- Kvinner i omsorgs-, barnehage- og reinhaldaryrke

- I forhold til nokre år sidan så er det i dag ei overvekt av kvinner i skulesektoren
- Kvinner er overrepresenterte i merkantile stillingar
- Mann er overrepresenterte i tekniske stillingar.

Mest skeiv fordeling har ein i barnehagane (stor overvekt av kvinner) og i brann- og redningskorpset og teknisk uteseksjon (berre menn). Delen av menn i omsorgsyrka er også svært liten.

Lønnsmessig er det liten skilnad på kvinner og menn innan dei respektive nivåa.

I talet årsverk er fordelinga mellom kvinner og menn slik at stordelen av deltidsstillingar fell på kvinner; 320 kvinner og 78 menn. Det er imidlertid ikkje all deltid som er ufrivillig. Det har også vore ein tendens dei siste åra at det er fleire kvinner som søker seg til større stillingsprosentar

I Sykkylven kommune er det 113 mellombels tilsette; 33 menn og 80 kvinner.

I løpet av 2020 var det 14 % menn som hadde foreldrepermisjon eller omsorgspermisjon, medan 86 % var kvinner.

Sykkylven kommune lyste ut 104 stillingar i 2020. Stillingar innanfor helse og omsorg dominerer rekrutteringsbiletet. Med omsyn til utlysing av faste stillingar/engasjement og vikariat vart det tilsett 21 kvinner og 15 menn i løpet av 2020.

Sykkylven kommune har ikkje noko oversikt/rapport over kven som har avansert i stilling med omsyn til kjønn, men desse avansementstillingane finn ein som hovudregel innan oppvekstsektoren og helse – og omsorgssektoren. Desse to sektorane er i stor grad av kvinnlege tilsette; noko som tilseier at det er overvekt av kvinner som avanserer i stilling.

Som nemnt under rekruttering så er det innan helse og omsorg det er størst behov for tilsetjing, og det er særleg mangel på sjukepleiarar og til dels fagarbeidarar. Dette er yrker som både har vore og framleis i stor grad er kvinnedominert.

I sjukefråversoversikta frå 2020 utgjorde 9,8 % kvinner, medan 4,9 % var menn.

Når det gjeld vidareutdanning så er det dette for tida i stor grad innanfor skulesektoren og knytt opp mot «Kompetanse for kvalitet». Også på dette området er det i hovudsak kvinner som tek vidareutdanning.

I Prop 63 L (2018-2019) står det vidare når det gjeld kommunen sin aktivitetsplikt at det i årsrapporten skal framgå:

- Skildring av, og opplysningar om kva kommunen gjer for å ivareta omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering i personalpolitikken; i samband med rekruttering, lønns – og arbeidsvilkår, forfremming, utviklingsmoglegheiter, tilrettelegging, moglegheiter for å kombinere arbeid og familieliv, førebygging av trakassering
- Opplysning om retningslinjer, prinsipp, prosedyrar og standardar kommunen nyttar for å ivareta omsyna i kulepunktet over i dagleg drift og personalpolitikk
- Korleis kommunen arbeidar for å operasjonalisere likestillingspolitikken til handling, her under korleis den obligatoriske arbeidsmetoden etter likestillings – og diskrimineringslova § 26 andre ledd, vert praktisert
- Ei vurdering av resultatane som er oppnådd og kva forventningar kommunen har til dette arbeidet framover

Sykkylven kommune søker å likestille kjønna ved utlysing av stillingar, innkalling til intervju og tilsetjingar. Då det er stor dominans av kvinner innan helse og omsorg har kommunen somme tider hatt med punkt om at det er ønskeleg at menn søker i utlysinga.

Ved rekruttering til andre stillingar opplever ein som regel ei tradisjonell søking. Det blir ikkje gjort noko forskjell mellom kjønna når det gjeld lønns – og arbeidsvilkår. Kommunen opplever at søkerar av begge kjønn ønskjer meir fritid og familieliv, og kommunen prøver å legge til rette for begge kjønn når det gjeld tilpassingar til familieliv som til dømes moglegheit for heimekontor og fleksibel arbeidstid.

Kommunen har tatt inn eit punkt i lønnspolitisk plan for 2018 – 2022 som omhandlar likestilling der partane vert oppmoda om å ha fokus på eventuelle usaklege lønnsforskjellar med tanke på kjønn. Kommunen utarbeidar vidare ei lønnsversikt fordelt på kjønn i samband med lokale lønnsforhandlingar kvart år, som arbeidstakarorganisasjonane får utdelt. Når det gjeld systematisk arbeid med kartlegging, analysing og vurdering/tiltak har kommunen eit forbettringspotensiale.

Sykkylven kommune er av den oppfatning at det er utfordrande å arbeide med likestilling og diskriminering så lenge søkjarmassa og fordeling av kjønn i samband med sektorar har ein slik stor overvekt av kvinner. Dette heng igjen saman med tradisjonelt kjønnsmonster sentralt i ulike yrker, samt lønnsforskjellar i forhold til yrker sentralt. Kommunen må likevel ha eit enda større fokus på kjønn for å mellom anna få fleire menn inn i stillingar i helse – og omsorgssektoren.

Tilsette fordelt etter kjønn

Stilling	Stillingstittel	Menn	Kvinner	Total
600	Driftsstyrar	1	0	1
602	Student pleie	1	7	8
650	Kommunelege	1	0	1
6014	Arbeider	2	0	2
6185	Helsesøster	0	6	6
6190	Hjemmehjelp	0	3	3
6455	Vernepleier	0	4	4
6508	Barnevernpedagog	0	2	2
6517	Ergoterapeut	0	1	1
6559	Konsulent	3	23	26
6572	Assistent	2	31	33
6583	Pleiemedarbeider	11	71	82
6675	Miljøterapeut	8	16	24
6684	Miljøveileder/-konsulent	1	0	1
6814	Musikk/kultursk.lære	3	4	7
6912	Servicemedarbeider	2	0	2
6986	Fagarbeider m.Særald	2	5	7
7003	Arbeidsleder	8	3	11
7066	Fysioterapeut	0	1	1
7076	Hjelpepleiar/helsefagarb	4	47	51
7168	Sosialkurator	0	2	2
7174	Sjukepleiar	2	48	50
7199	Helsesekretær	0	1	1
7210	Reinhaldar	0	7	7
7237	Brannkonstabel	25	0	25
7453	Fagleder	4	8	12
7517	Fagarbeider	9	48	57
7522	Spesialpedagog	0	5	5
7523	Spesialsykepleier	0	13	13
7530	Rådgiver	1	4	5
7531	Saksbehandlar	1	3	4
7534	Sosionom	0	1	1
7637	Pedagogisk leder	0	18	18

Stilling	Stillingstittel	Menn	Kvinner	Total
7710	Still m/krav om spesialutdanning	0	2	2
7712	Still m/krav masterg	0	1	1
7718	Fagarb+1 år fagsk	0	4	4
7954	Avd.L/underv.Insp	2	2	4
7960	Lærer u/godkj utd	0	2	2
7961	Lærer	0	2	2
7962	Adjunkt	4	26	30
7963	Adjunkt m/tilleggsut	12	40	52
7965	Lektor	0	1	1
7966	Lektor m/tilleggsutd	1	3	4
8084	Ingeniør	4	0	4
8209	Jordmor	0	1	1
8451	Leiar	1	2	3
8453	Fagleiar	0	1	1
8470	Psykolog	1	0	1
8527	Lege	1	2	3
8530	Rådgiver	3	0	3
9430	Kommunedirektør	1	0	1
9440	Kommunalsjef	1	1	2
9451	Einingsleiar	4	9	13
9454	Leiar	4	7	11
9951	Rektor/Virksomh.leder	2	3	5
9954	Assist.rektor/Avd.leiar/Underv.insp.	0	2	2
	Sum:	132	493	625
	Sum (Tilsette tald ein gang):	121	466	587
	Prosentvis fordeling	20,6 %	79,4 %	100 %

Iverksette tiltak for å sikre betryggande kontroll og høg etisk standard:

Kommunen har eit avvikssystem og system for varsling. Innkjøpsreglement er vedteke og i samband med overgang til nytt økonomisystem i år 2012 vart det lagt stor vekt på å sikre betryggande økonomisk internkontroll.

Overordna etiske retningslinjer vart sist vedteke i kommunestyret 10. desember 2012. Kommunedirektøren har fått attende rapportar om at desse retningslinjene er gått gjennom med dei tilsette i einingane/avdelingane.

I samband med ny kommunestyreperiode 2015-2019 er retningslinjene gått gjennom på nytt både politisk og administrativt.

Det er i år 2015 fastsett eit eige regelverk når det gjeld kontroll med leverandørar. Nytt økonomireglement er utarbeidd og vil bli lagt fram for politisk godkjenning i år 2021. Same med Finansreglement.

Eigedomsskatt

Det vart i år 2015 innført eigedomsskatt på bustad- og fritidseigedomar.

Ved behandling av rekneskapen for 2016 i juni 2017 vart det vedteke å avskaffe eigedomsskatten frå 1. juli 2017.

I samband med budsjettet for 2018 vart eigedomsskatt ført inn på nytt, med botnfrådrag kr 2 200 000 og skattesats 2 promille.

I samband med budsjettet for 2019 vart botnfrådraget fjerna, og skattesatsen sett ned til 1 promille

Budsjett år 2020:

EIGEDOMSSKATT	BUDSJETT
DRIFTSUTGIFTER	822
AVSKRIVNINGAR	128 940
EIGEDOMSSKATT BUSTADER OG FRITIDSBUSTADER	-7 826 100
NETTO INNTEKT	-7 696 338

Eigedomsskatten gav slikt resultat:

EIGEDOMSSKATT	REKNESKAP	BUDSJETT
DRIFTSUTGIFTER	266 052	822
UTGIFTSFØRING MOMSKOMP DRIFT	75 177	0
AVSKRIVNINGAR	128 940	128 940
INNTEKTSFØRING MOMSKOMP DRIFT	-75 177	0
EIGEDOMSSKATT BUSTADER OG FRITIDSBUSTADER	-7 784 340	-7 826 100
NETTO RESULTAT	-7 389 348	-7 696 338

Hendingar etter balansedagen med betinga utfall:

Kommunar som har kino og fekk kompensert inntektsbortfall i første halvår 2020, har fått krav om attendebetaling. Sykkylven kommune fekk kr 121 000 i siste tildeling desember 2020. Det kan skje at det også her vert krav attendebetaling.

Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap

Frå standarden for notar og årsmelding:

Det skal redegjøres for vesentlige avvik mellom regnskapsført beløp og regulert budsjett for de enkelte linjene i regnskapsskjema 1A og B og 2A og B.

Redegjeringa skal forklare årsakene til at budsjettavviket har oppstått

Standarden er ny – Frå 18. januar 2018. Vi har valt å vere heller detaljerte.

Budsjett- og rekneskapskjema 1A:

LØYVINGSOVERSIKT DRIFT, Forskrifta § 5-4	Note	R 2020	Korr B 2020	Avvik i kr	Avvik i %
<small>Med forskrifta er meint forskrift om økonomiplan, årsbudsjett og rekneskap</small>					
Rammetilskot	1	-248 844 627,00	-248 344 000	500 627	-0,20 %
Inntekts- og formuesskatt	1	-197 294 775,07	-195 187 000	2 107 775	-1,08 %
Eigedomsskatt	2	-7 784 339,76	-7 826 100	-41 760	0,53 %
Andre generelle driftsinntekter	3	-14 305 565,00	-17 162 930	-2 857 365	16,65 %
SUM GENERELLE DRIFTSINTEKTER		-468 229 306,83	-468 520 030	-290 723	0,06 %
				0	
Sum løyvingar drift, netto *)		452 362 148,02	461 523 733	9 161 585	1,99 %
Avskrivningar		22 485 541,00	22 485 540	-1	0,00 %
SUM NETTO DRIFTSUTGIFTER		474 847 689,02	484 009 273	9 161 584	1,89 %
				0	
BRUTTO DRIFTSRESULTAT		6 618 382,19	15 489 243	8 870 861	57,27 %
Renteinntekter	4	-1 922 293,19	-2 653 956	-731 663	27,57 %
Utbytte	5	-7 190 507,15	-8 000 000	-809 493	10,12 %
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler		-116 278,00	0	116 278	
Renteutgifter	6	7 475 576,43	9 316 906	1 841 330	19,76 %
Avdrag på lån	7	21 813 355,00	20 113 000	-1 700 355	-8,45 %
NETTO FINANSUTGIFTER		20 059 853,09	18 775 950	-1 283 903	-6,84 %
Motpost avskrivningar		-22 485 541,00	-22 485 540	1	0,00 %
NETTO DRIFTSRESULTAT		4 192 694,28	11 779 653	7 586 959	64,41 %
Overføring til investering	8	1 066 291,00	1 066 291	0	0,00 %
Netto avsetningar til eller bruk av bundne fond	9	1 874 811,12	-2 178 032	-4 052 843	186,08 %
Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	10	2 425 783,60	-1 107 912	-3 533 696	318,95 %
Inntektsføring resultat frå tidlegare år		-9 559 580,00	-9 560 000	-420	0,00 %
Dekking av tidlegare års merforbruk			0		
SUM DISPONERINGAR ELLER DEKKING AV NETTO DRIFTSRESULTAT		-4 192 694,28	-11 779 653	-7 586 959	64,41 %

Kommentarar:

Note 1 Skatt og rammetilskot

Ein viser her til eigen note til rekneskapen for år 2020

Note 2 Eigedomsskatt

Ein viser her til eige punkt om eigedomsskatt i årsmeldinga

Note 2 Andre generelle statstilskot

Vi har ein mindreinngang på kr 2 857 365. Hovudårsaken er mindreinngang statstilskot flyktningar kr 1 999 740. Vi har motteke færre flyktningar enn det som vart lagt opp til i budsjettet. (Sjå nedanfor om sparde utgifter vedkomande flyktningtenesta)

Note 4 Renteinntekter

Rentenedgangen i år 2020 har naturleg nok verka inn på renteinntektene våre.

Note 5 Utbytte

Kommunestyret budsjetterte med kr 8 000 000 i utbytte frå Sykkylven Energi AS, men då kommunestyret var samla som generalforsamling i SE AS, vart det vedteke eit utbytte på kr 7 000 000.

Note 6 Renteutgifter.

Rentenedgangen i år 2020 har naturleg nok også verka inn på renteutgiftene våre.

Note 7 Avdrag på lån

Avdrag på lån er omtala i eigen note til rekneskapen for år 2020

Note 8 Overført investeringsrekneskapen

Det er overført kr 1 066 291 til investeringsrekneskapen. Dette gjeld bruk av midlar innbetalt frå dei som har fått byggeløyve i Nysæterområdet (Rekkjefølgjekrav)

Note 9 Ubundne avsettingar

Note 10 Bundne avsettingar

Sjå Notar til rekneskap

Budsjett- og rekneskapskjema 1 B

*) SPES. AV SUM LØYVINGAR DRIFT, NETTO forskr. § 5-4	R 2020	Korr B 2020	Opph. B 2020	R 2019	R 2018
Barnehageadm og felles for barnehagane	12 002 493,54	11 147 908	10 318 556	10 129 143	8 866 323
Vik barnehage	3 484 318,17	3 841 300	3 964 434	3 598 663	3 523 506
Tandstad barnehage	2 388 274,93	2 805 292	2 928 374	3 074 602	3 614 223
Blakstad naturbarnehage	4 222 392,13	4 753 460	4 952 507	4 416 321	3 608 643
Ullavik barnehage	6 365 654,15	6 698 481	6 901 628	6 526 028	6 107 583
Vikedalen barnehage	7 425 651,60	7 630 926	8 086 010	7 365 990	7 048 788
Private barnehagar	26 330 593,00	25 505 500	25 505 500	26 765 691	29 627 436
SUM FOR BARNEHAGANE	62 219 377,52	62 382 867	62 657 009	61 876 438	62 396 502
Aure skule	16 216 723,38	15 974 674	16 799 384	16 282 567	15 279 069
Sørestranda skule	15 322 006,82	14 864 944	15 581 567	15 781 199	13 632 022
Tandstad skule	0,00	0	0	6 905	3 983 601
Ullavik skule	13 508 309,19	14 653 398	15 246 422	14 702 633	14 899 819
Vik skule	12 149 877,20	12 312 802	12 787 611	11 756 606	11 308 295
Ungdomsskule og vaksenopplæring	34 617 669,32	33 259 491	34 795 866	34 950 399	32 977 453
Felles for skulane	8 784 941,30	8 042 613	6 663 476	6 305 620	7 010 055
SUM FOR GRUNNSKULEN	100 599 527,21	99 107 922	101 874 326	99 785 929	99 090 314
Sykkylven bu- og aktivitetssenter	57 763 123,07	56 196 830	78 491 603	73 882 226	62 486 208
Heimetenestene	46 036 262,70	50 191 141	29 790 358	27 514 552	29 872 116
Barne- og familietenestene	49 402 284,11	51 056 612	50 178 354	43 909 820	45 966 166
NAV kommune	6 094 130,08	7 085 755	7 148 555	5 367 247	6 185 980
Samhandlingsreforma	837 543,00	770 000	4 921 331	1 751 555	1 162 719
Bu- og rehabiliteringstenestene	36 662 338,68	38 694 012	39 979 906	39 094 765	34 158 201
Helse og velferd	2 908 913,95	3 893 851	0	-165 881	0
SUM FOR HELSE, OMSORG OG VELFERD	199 704 595,59	207 888 201	210 510 107	191 354 284	179 831 390
Kultur	11 899 910,13	11 188 395	11 271 251	11 635 099	10 737 078
Næring	652 740,99	2 595 734	2 103 000	1 426 954	1 012 624
Tekniske tenester	59 573 836,63	59 259 633	55 503 724	55 698 924	54 387 135
Kommuneleiinga	16 028 991,74	15 654 776	11 384 583	13 584 588	12 968 322
Fellestenestene	17 193 932,19	17 829 818	19 693 114	18 766 365	19 026 863
ANDRE DRIFTS OG SERVICEEININGAR	105 349 411,68	106 528 356	99 955 672	101 111 930	98 132 022
KOMMUNESTYRET	10 555 540,49	11 195 810	10 845 843	10 594 237	10 170 341
Finansiering	440 054,47	229 762	229 762	343 886	414 920
Løyvingar og finans	-4 020 817,94	-3 323 645	-7 744 266	-9 878 725	-8 562 944
Avskrivningar	-22 485 541,00	-22 485 540	-21 623 796	-21 623 794	-22 998 956
FINANSIERING, FINANS OG AVSKRIVNINGAR	-26 066 304,47	-25 579 423	-29 138 300	-31 158 633	-31 146 980
SUM ALLE	452 362 148,02	461 523 733	456 704 657	433 564 185	418 473 589

Budsjettskjema 1B har som formål å syne kor mykje einingane treng tilført av midlar etter eiga finansiering av aktivitet er gjort. Budsjettskjema 1B er dermed lite eigna til å kontrollere om einingane

held budsjetta sine eller ikkje. For det føremålet syner ein til Internbudsjett og –rekneskap til slutt i årsmeldinga.

Iflg Standard for notar og årsmelding skal vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap kommenterast.

Budsjett og rekneskapsskjema 2 A

LØYVINGSOVERSIKT INVESTERING forskr. § 5-5	Note	R 2020	Korr B 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Investeringsutgifter					
Investering i varige driftsmidlar	1	42 989 758	58 560 533	15 570 775	26,59 %
Tilskot til andre sine investeringar	2	300 000	300 000	0	0,00 %
Investering i aksjar og andelar i selskap		1 284 857	2 474 000	1 189 143	48,07 %
Utlån av eigne midlar					
Avdrag på lån					
Sum investeringsutgifter		44 574 615	61 334 533	16 759 918	27,33 %
Investeringsinntekter					
Kompensasjon for meirverdiavgift		-5 975 412	-10 853 357	-4 877 945	44,94 %
Tilskot frå andre		-623 465	-690 000	-66 535	9,64 %
Sal av varige driftsmidlar	3	400 000		-400 000	
Sal av finansielle anleggsmidlar		-97 500	-97 500		0,00 %
Utdeling frå selskap					
Mottekne avdrag på utlån eigne midlar					
Bruk av lån	4	-44 541 109	-62 045 464	-17 504 355	28,21 %
Sum investeringsinntekter		-50 837 486	-73 686 321	-22 848 835	31,01 %
Vidareutlån					
Bruk av lån til vidareutlån		8 492 152	15 250 000		0,00 %
Avdrag på lån til vidareutlån	5	1 333 771			
Mottekne avdrag på vidareutlån	5	-1 211 904			
Netto utgifter vidareutlån		8 614 019	15 250 000	6 635 981	43,51 %
Overføring frå drift og avsettingar					
Overføring frå drift	6	-1 066 291	-424 212	642 079	-151,36 %
Netto avsetting til eller bruk av bundne investeringsfond					
Netto avsetting til eller bruk av ubundne investeringsfond		-1 284 857	-2 474 000	-1 189 143	48,07 %
Dekking av tidlegare års udekkede beløp					
Sum overføring frå drift og netto avsettingar		-2 351 148	-2 898 212	-547 064	18,88 %
Framført til inndekking i seinare år (udekkede beløp)		0	0	0	0

Kommentarar:

Note 1 Investering i anleggsmidlar

Det var i år 2020 mindre framdrift enn føreset vedkomande investeringar.

Note 2 Tilskot til andres investeringar

Investeringsstilskot utbetalt til Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Note 3 Sal av varige driftsmidler

Posten er ei attendeføring av tidlegare inntektsført salsvinst ved sal av Sykkylven Eigedomsselskap AS. Ved gjennomgang av balansen er posten vurdert som ikkje reell.

Note 4 Bruk av lån

Mindreforbruket har klar samanhang med redusert investeringsaktivitet i høve det som var budsjettet.

Note 5 Vidareutlån

Avdrag på lån og mottekne avdrag vart ved oppsett av budsjettet vurdert til å bli like store, og det vart ikkje sett inn budsjettsum

Note 6 Overføring frå drift

Sjå note 8 til driftsrekneskapen

Det er overført kr 1 066 291 frå driftsrekneskapen. Dette gjeld bruk av midlar innbetalt frå dei som har fått byggeløyve i Nysæterområdet (Rekkjefølgjekrav)

Premissar for løyvingar

Den nye kommunelova sler i § 14-7 fast at:

Årsberetningen skal redegjøre for

- b) Vesetnlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruk av bevilgningene

Beløpsmessige avvik mellom budsjett og rekneskap vert gjort greie for i avviksanalysen til slutt i denne meldinga.

Avvik frå premissar for løyvingar vert gjort greie for her:

Investeringsbudsjett/Rekneskap

Kommunestyret sette opp slikt investeringsbudsjett:

Bygningar og anlegg	År 2020
Kommunale bygg til fordeling av formannskapet	7 562 500
Planlegging ny sentrumsskule	2 500 000
Sum bygningar og anlegg	10 062 500
<hr/>	
Utstyr og maskiner	År 2020
Investeringar innan IKT	781 250
Sum utstyr og maskiner	781 250
<hr/>	
Vegar	År 2020
Vegar til fordeling av formannskapet	12 531 250
Sum vegar	12 531 250
<hr/>	
Anna	År 2020
Eigenkapitalinnskot KLP	2 474 000
Investeringstilskot kyrkjeleg fellesråd	300 000
Til disposisjon for rådmann/formannskap	2 789 687
Utlån Startlån	10 000 000
Sum Anna	15 563 687
<hr/>	
SUM INVESTERINGAR	År 2020
Samla sum	38 938 687

Vidare fordeling av løyvingane vart overlete til formannskapet. Det vart ikkje gitt noko vidare premissar for bruken av løyvingane.

Ved eiga sak i løpet av budsjettåret vart det løyvd pengar til å kjøpe gamle sparebankbygget. Kjøpesummen var kr 10 000 000.

Som punkt 3 i budsjettvedtaket, vedtok kommunestyret:

Investeringsmidlar til vegen til Sørstrandskulen skal ha høgste prioritet ved fordeling av samleposten for vegar i investeringsbudsjettet for 2020. Dette er gjort.

I hovudregel er alle tiltaka gjennomført, men når det gjeld vegar, der alle midlane vart fordelt til ny veg Meieridalen – eit prosjekt som skulle gå over åra 2020 og 2021 er igangsetting utsett til seinhaustes 2020 slik at mesteparten av aktiviteten vil skje i år 2021. Det er lagt fram sak om rebudsjettering av ubrukne investeringsløyvingar frå år 2020 til år 2021.

Driftsbudsjettet

Kommunestyret har vald eit budsjettregime der drift frå året før vert vidareført, dersom det ikkje vert gjort konkrete vedtak om endring.

Deretter gir kommunestyret løyvingar til særskilte tiltak, eller auke i eksisterande løyvingar. Det ligg ikkje føre skriftlege premisser for løyvingane utanom dette:

Eining/tiltak	Sum
Omlegging/nytt fagsystem barnehagane	130 000
Redusert foreldrebet og gratis kjernetid	450 000
Spes.ped. hjelp i barnehagane	550 000
IT-utstyr i barnehagane samla	100 000
Reduksjon overføring til private barnehagar	-2 500 000
IT-utstyr skulane	260 000
Reduksjon undervisningsstilling Sørestranda	-500 000
Undervisningsstilling Ullavik skule	110 000
Undervisningsstilling Vik skule	150 000
Fagfornyninga, alle skulane	500 000
Styrking Buas	5 076 578
Styrking Heimetenestene	370 144
Tilskot utbetring bustader	514 000
Kjøp av Digisos (NAV kommune)	35 000
Lønnsutgifter avlastingsbustad	611 005
Tildelingskontor	3 233 779
Tilskot til ungdomshuset Vårvon	70 000
Medlemsskap Sunnmøre Friluftsråd	147 000
Tilskot Sykkylven friluftssenter SA	250 000
Auka driftsramme biblioteket	120 000
Tilskot Storfjordsambandet	240 000
Beredskap Åknes/Tafjord	300 000
Auka driftsutgifter IKT	650 000
Lønns- og priskorrigerering Kyrkjeleg fellesråd	125 000

Reduksjon overføring til private barnehagar kr 2 500 000

Reduksjonen var basert på barnehageteljinga 15. desember 2019. Ved teljinga 1. august 2020 synte det seg at talet born var auka og kr 825 000 av reduksjonen vart ikkje nådd.

Reduksjon undervisningsstilling Sørestranda skule kr 500 000

Grunna at ein måtte sette i verk spesielle tiltak ved skulen, vart ikkje reduksjonen nådd.

Fagfornyninga, løyving kr 500 000

For å redusere overskridingar på budsjettet for grunnskulen, vart løyvinga ikkje nytta. Overskridingar på grunnskulen samla vart dermed redusert frå kr 1 913 683 til kr 1 413 683.

Elles er tiltaka gjennomførte.

Beløpsmessige avvik mellom budsjett og rekneskap

Det er ved fleire høve halde fram at eksternbudsjettet og eksternrekneskapen syner alt for aggregerte tal, at det er vanskeleg for politikarane å få noko «føling» med drifta då dei ikkje kan sjå kva einskildområda/einskildansvara kostar. For å bøte på dette legg vi inn i Kommunedirektørens årsmelding Internbudsjett og –rekneskap.

Internbudsjett og –rekneskap syner netto utgifter for kvart ansvar og sektor. Eksternbudsjett og –rekneskap flyttar avsetting til fond og bruk av fond til skjema 1A. Derfor vil netto utgifter i tabellane nedanfor skilje seg frå eksternbudsjett og –rekneskap som er synt i skjema 1B. Slik er det. Budsjett- og rekneskapsforskriftene har klare reglar for korleis eksternbudsjett og –rekneskap skal settast opp.

Kriteria for «trafikklysa» er som før. 100 prosent eller mindre brukt er sett til grønt. 100,1 – 104 er gult. Over 104 prosent er raudt.

Rsk er rekneskap, Korr B er Korrigerert Budsjett.

Avviksrapporten ligg som eit vedlegg til årsmeldinga

Ansvar	Rsk	Korr B	Avvik
BARNEHAGAR			
20000 ADM BARNEHAGAR	2 191 238	2 361 553	170 315 ●
20001 STYRKA TILBOD FUNKSJONSHEMMA/MINORITETSSPRÅKLEGE	400 426	-84 415	-484 841 ●
20002 SPESIALPEDAGOGIKK BARNEHAGAR	9 403 612	8 870 770	-532 842 ●
<u>SUM FOR ADM BARNEHAGAR OG FELLESUTGIFTER BARNEH.</u>	<u>11 995 276</u>	<u>11 147 908</u>	<u>-847 368 ●</u>
21000 VIK BARNEHAGE	3 483 339	3 841 300	357 961 ●
21100 TANDSTAD BARNEHAGE	2 456 761	2 805 292	348 531 ●
21200 BLAKSTAD NATURBARNEHAGE	4 222 392	4 753 460	531 068 ●
21300 ULLAVIK BARNEHAGE	6 408 306	6 698 481	290 175 ●
21400 VIKEDALEN BARNEHAGE	7 454 353	7 630 926	176 573 ●
<u>SUM FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR</u>	<u>24 025 151</u>	<u>25 729 459</u>	<u>1 704 308 ●</u>
22000 TRYGGHEIM BARNEHAGE	5 261 522	5 022 500	-239 022 ●
22001 KRIKANE BARNEHAGE	6 548 336	7 190 000	641 664 ●
22002 IKORNES BARNEHAGE	9 509 635	8 497 500	-1 012 135 ●
22003 VELLEDALEN NATURBARNEHAGE	5 011 100	4 795 500	-215 600 ●
<u>SUM FOR PRIVATE BARNEHAGAR</u>	<u>26 330 593</u>	<u>25 505 500</u>	<u>-825 093 ●</u>
<u>SUM FOR BARNEHAGAR</u>	<u>62 351 020</u>	<u>62 382 867</u>	<u>31 847 ●</u>

Rådgjevar barnehages kommentarar til overskridingane vedkomande fellesadm barnehagar og spesped:

Prognosane i august tyda på eit meirforbruk på knapt 1,1 million kroner. Det endelege resultatet syner at ein klarte å redusere dette meirforbruket til om lag 850 000 kroner, m.a. ved at ein 20% stillingsdel for spesialpedagog (permisjon) vart ståande vakant.

Hovudforklaring på avvik:

- Meirforbruk i høve tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne og spesialpedagogisk hjelp (inkl. logopedkostnader). Dette er knytt opp mot sakkunnige tilrådingar frå PPT/enkeltvedtak
- Feilbudsjettering/inntektsbortfall i høve statleg tilskot for innføring av bemanningsnorm

Ansvar	Rsk	Korr B	Avvik
GRUNNSKULEN			
30100 AURE SKULE	15 575 015	15 085 932	-489 083 ●
30101 AURE SKULE SFO	106 070	194 501	88 431 ●
30102 ALTERNATIV OPPLÆRINGSARENA	535 638	694 241	158 603 ●
<u>SUM FOR AURE SKULE</u>	<u>16 216 723</u>	<u>15 974 674</u>	<u>-242 049 ●</u>
30200 SØRESTRANDA SKULE	14 718 394	14 392 258	-326 136 ●
30201 SØRESTRANDA SKULE SFO	604 118	472 686	-131 432 ●
<u>SUM FOR SØRESTRANDA SKULE</u>	<u>15 322 512</u>	<u>14 864 944</u>	<u>-457 568 ●</u>
30400 ULLAVIK SKULE	12 898 788	14 140 720	1 241 932 ●
30401 ULLAVIK SKULE SFO	609 594	512 678	-96 916 ●
<u>SUM FOR ULLAVIK SKULE</u>	<u>13 508 382</u>	<u>14 653 398</u>	<u>1 145 016 ●</u>
30600 VIK SKULE	11 814 779	12 012 119	197 340 ●
30601 VIK SKULE SFO	335 098	300 683	-34 415 ●
<u>SUM FOR VIK SKULE</u>	<u>12 149 877</u>	<u>12 312 802</u>	<u>162 925 ●</u>
31000 UNGDOMSSKULEN	31 902 089	30 414 167	-1 487 922 ●
31001 VAKSENOPPLÆRING	2 637 080	2 845 324	208 244 ●
<u>SUM FOR UNGDOMSSKULEN OG VAKSENOPPLÆRINGA</u>	<u>34 539 169</u>	<u>33 259 491</u>	<u>-1 279 678 ●</u>
32000 FELLESUTGIFTER SKULANE	1 375 853	721 113	-654 740 ●
32001 SKULESKYSS	1 898 192	2 322 000	423 808 ●
32002 KULTURNISTA	62 350	140 000	77 650 ●
32003 SPESIALUNDERVISNING PRIVATE SKULAR	5 448 547	4 859 500	-589 047 ●
<u>SUM FOR FELLESUTGIFTER SKULANE</u>	<u>8 784 942</u>	<u>8 042 613</u>	<u>-742 329 ●</u>
<u>SUM FOR GRUNNSKULEN</u>	<u>100 521 605</u>	<u>99 107 922</u>	<u>-1 413 683 ●</u>

Rektor ungdomsskulen/vaksenopplæringa sine kommentarar til overskridingar ungdomsskulen:

Hovedårsaka til meirforbruket er meirforbruk på lønn. Dette kjem av feilbudsjettering i høve til tal stillingar.

Rådgjevar skule sine kommentarar til overskridingar Fellesutgifter skulane:

32000 Fellesutgifter skulane	-654 740 kr	
Her har det blitt dekt utgifter til		
• 10100 IKT.fagarbeidar	178 269 kr	(B 0)
• 11900 Husleige Odd Welle (gardsskule og uteskule)	211 800 kr	(B 15 000)
• 12700 Rekruttering rektor SymbioConsult	68 548 kr	(B 10 000)
• 12700 Logopedtenester	23 591 kr	(B 10 000)

Under konsulenttenester vert også utgifter til logopedtenester ført, men desse utgiftene vert også ført under området 32003 spesialundervisning andre skular. Her er det vanskeleg å skilje dei kommunale skulane og friskulane og det er difor ønskeleg å ha logopedtenester under eigen art, ikkje berre som prosjektnr. (14028). Det gir feil fordeling å føre alle logopedtenester på 32003 spesialundervisning andre skular når desse tenestene også vert utført på kommunale skular.

Budsjetterte tilskot frå staten var på 1 638 724 kr.

Det kom inn 2 617 972 kr. Alle desse tilskota, med unntak av 237 210 kr til innkjøp av læremidlar i samband med fagfornyinga, vert overført til skulane eller stipendmottakarar slik:

• Rettleiing nyutdanna, nytilsette lærarar	25 735 kr	Aure skule
• Tiltak retta mot sårbare barn og unge	176 120 kr	SUSK
• Lærarspesialistutdanning haust	102 000 kr	SUSK
• Vidareutdanning lærarar vikarordning vår	819 900 kr	5 skular
• Lærarspesialistfunksjon haust	26 593 kr	SUSK
• Utdanningsstipend PPU-Y	198 534 kr	Stipendmottakarar
• Vidareutdanning lærarar vikarordning haust	485 800 kr	Aure, Vik, SUSK
• Lærarspesialistutdanning vår	102 000 kr	SUSK
• Tilskudd innkjøp læremiddel fagfornyinga	237 210 kr	Ikkje fordelt
• Ekstra tilskot digitalisering for heimeskule	444 080 kr	Fordelt alle skulane

32003 Spesialundervisning andre skular	-589 047 kr	
• 12700 logopedutgifter	212 975 kr	(B 160 000)
• 13500 fosterhjemsplasserte barn	656 184 kr	(B 496 000)
• 13700 spesialundervisning friskulane	4 571 599 kr	(B 4 193 500)

13500: Dette er ein uføreseieleg del av budsjettet, då barnevern ikkje opplyser om barn som vert /er plassert ut av kommunen. I år gjekk ein elev frå barnehage over til grunnskule i Ålesund, som utløyste eit refusjonskrav på 311 000,- Dette var ikkje teke med i budsjetteringa.

13700: Hundedvik privatskule krev no refusjon for 46 veker. Tidlegare år har dei krevd for 38 veker. Velledalen Montessoriskule krev refusjon for kvar månad, dvs. i praksis 46 veker.

Ansvar	Rsk	Korr B	Avvik
HELSE, OMSORG OG VELFERD			
40100 BUAS FELLESDMINISTRASJON	-1 084 096	-1 604 471	-520 375 ●
40111 BUAS KJØKKEN	2 183 125	2 877 362	694 237 ●
40120 BUAS INSTITUSJON	21 318 075	18 958 588	-2 359 487 ●
40131 SONE 1	18 458 718	18 875 559	416 841 ●
40132 SONE 2	17 251 341	17 018 144	-233 197 ●
40133 SONE 3	0	71 338	71 338 ●
40135 KORTTIDS REHAB	0	310	310 ●
SUM FOR BUAS	58 127 163	56 196 830	-1 930 333 ●
40200 HEIMETENESTENE	22 555 094	24 812 206	2 257 112 ●
40201 PERSONLEGE ASSISTENTAR	1 295 546	2 088 791	793 245 ●
40202 OMSORGLØNN	230 151	220 783	-9 368 ●
40204 DAGSENTER FOR ELDERE/DEMENTE	1 294 911	2 077 642	782 731 ●
40205 STØTTEKONTAKTER ELDERE	913 778	481 400	-432 378 ●
40215 TRYGGLEIKSALARMAR	1 890	0	-1 890 ●
40220 KORTTIDS- OG REHAB.AVD. (HEIMETENESTENE)	8 848 852	8 878 635	29 784 ●
40221 FELLES NATT	10 739 581	11 574 528	834 947 ●
40230 Ø-HJELP DØGNOPPHALD	21 591	57 156	35 565 ●
SUM FOR HEIMETENESTENE	45 901 394	50 191 141	4 289 748 ●
SUM FOR BUAS OG HEIMETENESTENE, SAMLA	104 028 557	106 387 971	2 359 415 ●
40300 ADM. BARNE- OG FAMILIETENESTENETENE	3 326 943	4 179 218	852 275 ●
40310 PPT	3 886 813	3 817 824	-68 989 ●
40320 FLYKTNINGKONTORET	2 183 966	2 248 533	64 567 ●
40322 ETABLERING FLYKTNINGAR/INTRODUKSJONSORDNINGA	4 508 552	9 433 712	4 925 160 ●
40330 LEGETENESTER	13 065 321	9 022 157	-4 043 164 ●
40331 HELSESTASJON	5 570 153	5 873 748	303 595 ●
40333 FYSIOTERAPI	4 001 245	4 034 192	32 947 ●
40340 FRIVILLEGSENTRALEN	973 716	1 390 060	416 344 ●
40341 BARNEVERN	11 773 364	10 064 568	-1 708 796 ●
40342 MOT-AKSJONEN	69 562	100 935	31 373 ●
40347 EDRUSKAPSVERN	-94 185	-95 000	-815 ●
40350 TILSKOT TIL UTBETRING/ETABLERING EIGEN BUSTAD	274 565	514 000	239 435 ●
SUM FOR BARNE- OG FAMILIETENESTENE	49 540 015	50 583 947	1 043 932 ●
40400 ADM NAV KOMMUNE	1 723 259	2 282 755	559 496 ●
40401 PLIKTIG HJELP/BIDRAG SYKKYLVEN	2 040 744	2 318 000	277 256 ●
40402 SKJØNSMESSIGE BIDRAG SYKKYLVEN	11 200	70 000	58 800 ●
40403 KVALIFISERINGSPROGRAMMET	789 106	2 415 000	1 625 894 ●
SUM FOR NAV KOMMUNE	4 564 309	7 085 755	2 521 446 ●
40502 MEDFINANSIERING SOMATISKE TENESTER	0	20 000	20 000 ●
40503 NØDNETT HELSE/LEGEVARSLINGSSENTRAL	837 543	750 000	-87 543 ●
SUM FOR SAMHANDLINGSREFORMA	837 543	770 000	-67 543 ●

Ansvar	Rsk	Korr B	Avvik
40600 BU- OG REHABILITERINGSTENESTENE ADM	1 707 834	2 074 083	366 249 ●
40601 URA	21 743 757	20 736 544	-1 007 213 ●
40603 KLOKKERHAUGEN	16 543 788	16 817 819	274 031 ●
40604 AVLASTINGSBUSTAD	2 344 748	2 075 329	-269 419 ●
40610 KNUTEPUNKTET DAGSENTER	829 149	1 909 909	1 080 760 ●
40611 AVLASTING HEIMEBUANDE	758 143	619 124	-139 019 ●
40612 STØTTEKONTAKTER	379 049	516 978	137 929 ●
40613 TILSKOT BYRG	1 208 386	530 000	-678 386 ●
40614 OMSORGLØNN YNGRE	642 018	554 526	-87 492 ●
40620 PSYKISK HELSETEAM	3 983 502	4 776 700	793 198 ●
40699 REFUSJON RESSURSKREVANDE BRUKARAR	-13 138 000	-11 917 000	1 221 000 ●
SUM FOR BU- OG REHABILITERINGSTENESTENE	37 002 374	38 694 012	1 691 638 ●
40701 TENESTEKONTOR	2 536 555	3 437 748	901 193 ●
40702 FERDIGBEHANDLA PASIENTER	471 989	300 000	-171 989 ●
40711 TESTING OG MASSEVAKSINERING	184 370	156 103	-28 267 ●
SUM FOR TENESTEKONTORET	3 192 914	3 893 851	700 937 ●
SUM FOR HELSE, OMSORG OG VELFERD	199 165 712	207 415 536	8 249 825 ●

Kommunalsjef helse og omsorg sine kommentarar til samla avvik Buas og Heimeteneste:

Driftsåret 2020 har vore eit svært spesielt år for heile kommunen, men særleg for einingane innan helse og omsorg. Året har vore prega av ein krevjande situasjon knytt til korona med omfattande tiltak innan smittevern, testing og smittesporing. I tillegg har særleg einingane BUAS og Heimetenestene gjennomført ei omfattande omstilling og omorganisering, planlagt i budsjettet for 2020. Følgande organisatoriske, strukturelle og økonomiske grep er gjennomført pr. 2020:

1. Oppretting av Tenestekontor (koordinerande eining og tildelingskontor)
2. Styrking av eksisterande skjerma avdeling ved BUAS
3. Omorganisering /nedlegging sone 3 på BUAS
4. Samanslåing til felles natt-teneste for Buas og Heimetenestene, organisatorisk lagt under Heimetenestene.
5. Styrke grunnbemanninga på sone 1 og 2 på BUAS (auke i pleiefaktor med 0,1)
6. Omdefinere frå heildøgns omsorgsplassar til 6 langtidsplassar/institusjonsplassar på BUAS.
7. Omorganisering mellom einingane på BUAS der Korttidsrehab.avd som har hovudfokus på vurdering og rehabilitering, organisatorisk vert flytta til Heimetenestene. Dette på bakgrunn av å halde ei tett kontakt med Tenestekontoret i høve opphaldsvurdering og avveging av tilbod i heim eller på Buas.
8. Opprette nytt Bufellesskap for personar med demenssjukdom - 7 institusjonsplassar (Stavekollen)
9. Ergoterapeut for vaksne/eldre auke med 0,5 årsverk
10. Styrking eksisterande avlastningsbustad innan Bu- og rehabiliteringstenestene
11. NAV kommune – kjøp av Digisos. Ei digital løysing for å kunne ta i bruk søknad om økonomisk sosialhjelp. Eit viktig tiltak som forenkler og kvalitetssikrar søknadsprosessen både for søkjar og sakshandsamar.

Rekneskapen for 2020 syner eit meirforbruk på BUAS i høve budsjett og eit mindreforbruk for Heimetenestene.

Grunna omstillingsåret 2020, der omorganiseringa i høve punkta ovanfor i størst grad har omfatta BUAS og Heimetenestene, og at endringane har skjedd gradvis og over tid, har det ikkje vore muleg å korrigere rekneskapen nøyaktig i høve budsjettet for 2020. Kommunedirektøren ser derfor dei to einingane under eitt i vurderinga av rekneskapen for 2020 der einingane totalt sett går med eit

mindreforbruk på om lag 2,4 mill. Dette mindreforbruket skuldast i stor grad at leigeinntektene på BUAS/Heimetenestene er inntektsført med 13 månadar etter krav frå revisjonen, nedstenging, samt koronatiltak/midlar.

Eingingsleiar Barne- og familietenestene sine kommentarar til budsjettavvik innan eininga.

Kommentarane gjeld ikkje 40330 Legetenester. Her gir kommunalsjef helse og omsorg kommentarar.

40322 Etablering flyktningar/introduksjonsordninga

Etablering/introduksjonsordning viser eit mindreforbruk på kr. 4 925 160, og gjeld i hovudsak introduksjonsstønad og stønad til livsopphald. Dette som konsekvens av begrensing i mottak grunna Covid-19 og med dette redusert aktivitet. Det var fatta vedtak om busetting av inntil 15 flyktningar, men det samla talet vart redusert til totalt sju flyktningar. Desse vart busett heilt på slutten av året, noko som medførte at delar av utgiftene blir ført på 2021.

Innsparinga kr 4 925 160 vedkomande etablering/introduksjonsordning må sjåast opp mot svikten i statstilskot kr 1 999 740 – Sjø ansvar 90030 under finansiering. Netto er dermed innsparinga kr 2 925 420.

Jettegryta har halde stengt sidan mars, noko som også har ført til mindreutgifter. Grunna redusert aktivitet er det heller ikkje leigd inn vikar ved sjukefråvær. Ein fekk i tillegg ekstra tilskot i høve Covid-19 for å kunne utvide tidsramma for introduksjonsprogrammet. Dette blei gjennomført så langt råd, medan det for nokre først kan gjennomførast i 2021

40341 Barneverntenesta

Rekneskapan viser eit meirforbruk på kr. 1 708 769. Dette skuldast i hovudsak meirutgifter i høve kommunen sin eigendel for institusjonsplassar og avlastande tiltak. Meirforbruket er noko mindre enn prognosen viste i haust, dette ut i frå at kommunen fekk innvilga medfinansiering frå Bufetat i eitt av tiltaka. Det er verdt å merke at generell refusjonsordning opphøyrer frå 2022 i samband med at barnevernsreformen trer i kraft. Kommunane vil få kompesasjon gjennom auke i rammetilskot, men samla utgifter vil truleg bli høgare samanlikna med ordninga vi har i dag.

Kommunalsjef helse sine kommentarar til busjettavvik 40330 Legetenester:

40330 LEGETENESTER	13 065 321	9 022 157	-4 043 164
--------------------	------------	-----------	------------

Avtalar om daglegevakt, legevakt utanom kontortid og turnuslegeavtalen er gått som normalt i 2020.

Legetenesta i Sykkylven gjekk med eit meirforbruk på totalt kr 4 043 164 i 2020. Det er ulike grunnar til dette meirforbruket for legetenesta i koronaåret 2020. I resultatet for 2020 er koronarelaterte utgifter dekkja inn i form av ei styrking av budsjettet på 1,3 mill, og er derfor ikkje årsak til meirforbruket. Det store budsjettmessige avviket for legetenesta er knytt til følgjande forhold, mykje relatert til rekrutteringsutfordringane og at fleire av fastlegane slutta i 2020:

Bruk av vikarbyrå utgjorde i 2020 1, 8 mill og i tillegg har kommunen hatt store utgifter knytt til annonsering og utlysning av legestillingar. Kommunen har og hatt utbetaling og frikjøp av legeheimel, samt ei større ombygging på legekantoret for å få fleire legekantor. Kommunen har og hatt ekstraordinære utgifter i samband med vikar kommueoverlege, samt tilsetting av kommunal lege frå hausten. Som følgje av situasjonen med vikarar her kommunen fått ekstra utgifter frå Sykkylven

legetjenester for å gi vikarane nødvendig opplæring. Husleige til vikarlegane er og kome som ei ekstra, ikkje-budsjettert utgift.

Einingsleiar Bu- og rehabiliteringstenestene sine kommentarar til budsjettavviket innan eininga:

Avvik Ura: ca 1 000'. Avviket skuldast at tilskot Rus/Psykiatri er budsjettert på dette ansvaret, prosjekt 14007. Dette skulle vært budsjettert på ansvar 40620, prosjekt 14039. Resten skuldast for det meste overtid og andre tillegg. Dette skuldast manglende årsverk. Dette er mye dekket opp no. Avlastningsbustad måtte styrkast i løpet av hausten grunna pålegg fra statsforvaltaren. Tilskot Byrg var underbudsjettert. Dette er rettet opp i budsjett 2021. Einingsleiar har også redusert antall plassar.

Ansv ar	Rsk	Korr B	Avvik
KULTUR			
50000 KULTURADMINISTRASJON	1 190 255	1 149 517	-40 738 ●
50001 MUSIKKLEIAR	448 480	443 420	-5 060 ●
50002 KULTURVERN	0	20 000	20 000 ●
50003 KULTURMINNE	74 019	91 000	16 981 ●
50004 SYKKYLVEN SOGENEMND	0	0	0
50011 SYKKYLVEN NATURHISTORISKE MUSEUM	360 554	488 266	127 712 ●
50012 SYKKYLVEN SYMJEHALL	138 971	248 669	109 698 ●
50013 VELLEDALEN SYMJEHALL	438 440	360 259	-78 181 ●
50014 STORHALLEN	1 106 539	838 008	-268 531 ●
50015 TRENINGSBANE	54 070	45 000	-9 070 ●
50016 KUNSTGRASBANE	662 974	812 364	149 390 ●
50017 VELLEDALEN GREINDAHUS KOMM DEL	127 633	136 012	8 379 ●
50018 SYKKYLVEN KULTURHUS	413 509	178 255	-235 254 ●
50020 PRIVATE ANLEGG	20 000	18 000	-2 000 ●
50021 NORSK MØBELFAGLEG SENTER	359 000	330 000	-29 000 ●
50022 PRIVATE KULTURBYGG	377 170	352 000	-25 170 ●
50030 KULTURFORMIDLING	54 102	1 410	-52 692 ●
50031 KUNSTFORMIDLING	5 338	28 000	22 662 ●
50032 IDRETT OG FRILUFTSLIV	1 359 687	1 350 804	-8 883 ●
50033 BARNE- OG UNGDOMSTILTAK	147 329	210 763	63 434 ●
50034 TILSKOT KULTURAKTIVITETAR	53 908	28 000	-25 908 ●
50035 SYKKYLVEN KINO	879 408	296 240	-583 168 ●
50040 SYKKYLVEN FOLKEBIBLIOTEK	1 658 903	1 644 473	-14 430 ●
50050 SYKKYLVEN KULTURSKULE	2 315 350	2 057 935	-257 415 ●
SUM FOR KULTUR	12 245 639	11 128 395	-1 117 244 ●

Einingsleiar kultur sine kommentarar til budsjettavviket innan kultur:

Avvik mellom budsjett og rekneskap i 2020 gjeld i hovudsak inntektsbortfall. Det gjeld i hovudsak kinoen, kulturhuset og kulturskulen.

Dei fleste andre ansvar ligg greitt innanfor budsjettet.

Kulturhuset

Grunna Korona og nedstenging i 2 månader på våren og gradvis gjenåpning, har svært mange arrangement ved kulturhuset blitt avlyst og det har vore tregt å få publikum tilbake i denne tida.

Heile 56 inntekstgivande arrangement på kulturhuset vart avlyst!

Totalt vart det gjennomført 187 møter/arrangement/konsertar på kulturhuset i 2020. I dette talet ligg det heile 18 konsertar.

Spesielt i 2.halvår var aktiviteten svært stor. Kommunen er sjølv den største brukaren av kulturhuset. I perioder var dette svært krevjande , også i høve til smittevern. Men det har gått bra. Kulturhuset sitt meirforbruk heng saman med dette. Mindre inntekter, sidan dei fleste kommunale brukarar ikkje betaler husleige eller for tenester på huset.

Det har heller ikkje vore mogleg å søkje Kulturrådet om tilskott, sidan kulturhuset er kommunalt og ein del av kommunen sin ordinære drift. Svaret vi har fått er at utgiftsauke og mindreinntekter skal dekkjast av dei genrelle Korona midlane som kommunane får.

Kino

På kinosida har dei store publikumsfilmane som skulle gå våren og hausten 2020, blitt flytta til 2021. F.eks James Bond filmen. Slutten av 2020 betra det seg noko der m.a Børning 3 filmen gav eit kjercome hopp i besøket. November var såleis ein bra kino- månad. Totalt sett hadde Sykkylven kino 56% nedgang i besøkstalet , samanlikna med 2019 (som ikkje var så godt år som 2017 og 2018). Dette er omtrent på landssnittet. Vel 3065 billetter vart seld på kinoen i fjor. 2019 var talet 6972 og 2018 var besøket 10190.

Vi hadde 2 månader stengt og ikkje visning i fellesferien. Det vart derfor 50 visningar færre enn 2019. Og dette er ein del av årsaka til resultatet. Kinoen hadde også ei langtidssjukmelding som førte til bruk av fast vikar i 26% stilling heile 1.halvår.Dette auka lønsutgiftene.

Eg har søkt Stimuleringsordninga i Kulturrådet i 2 omganger og brukt mykje tid på det. Siste runde var frå 1.oktober og ut året. I perioden før 1.oktober var det ikkje mogleg for kommunale kinoar å søkje Kulturrådet. Søknaden er basert på inntektene som var dei 3 siste månadane i 2019 og samanlikna med 2020. Vi får ikkje dekt alt inntektstap, men ein del av det. Søknadsmodulen kom fram til at vi hadde kunne få kr. 121.000. Dette er inntektsført i 2020.

Kulturskule

Kulturskulen har også mist ein del elevar. Ein fekk ikkje reise rundt på promoteringstur til skulane på våren – som tidlegare år. Derfor svikta påmelding av nye elevar. Nokre elevar slutta også midt oppi pandemien. Påmeldinga sig på litt etter kvart. Elevtalet i 2019 var om lag 220 – i 2020 gjekk elvetalet gradvis ned og pr. i dag ligg det på: 170 elevar.

Det vil ta tid å kome tilbake til normalen men i det innverande skuleåret har ein tatt inn elevar som søker etter kvart. Så elevtalet stig gradvis no.

Elevtalet i oktober 2019 var 219, elevtalet i oktober 2020 var 167. Ein nedgang på 52 elever – tilsvarer kr. 187.000 i redusert inntekt. På slutten av året auka talet og ein tok inn nye søkjarar. I dag er talet: 206 elevar.

Ein er inne i ei god utvikling og seinast førre veke kom det 2 innmeldingar. Avviket i rekneskapen heng saman med reduserte inntekter i høve til dette. Tidlegare budsjettanslag på inntektene har vist seg vore for høgt – noko som går attende til 2018. Kulturskulen hadde ei nøktern drift i 2020 og hadde mindreutgifter på lønssida. Bemanning og drift har vore uendra.

Tilskott til kulturanlegg tilhøyrande andre

Her er tilskott til Møbelmuseet, andre private grendahus/kulturhus og bygseltilskott til Friluftssenteret. Tilskotta vart indeksregulert etter avtalane. Derfor meirutgift i høve til budsjett. Tilskottet til Mupsu – Musea på Sunnmøre vil ligge her frå 2021.

Kommunale kulturanlegg

Nokre anlegg som museum, symjehall og kunstgrasbane hadde gode mindreforbruk i 2020. Medan Storhallen hadde meriutgifter som skuldast nødvendig vedlikehald, reparasjonar og noko utgifter i kjølvatnet av renovering av tak, vegger og garderober hausten 2020.

Det har vore rapportert om dette og utviklinga i Rekneskapsrapport av 14.9.2020 – seinast i september/oktober 2020.

Ansvar	Rsk	Korr B	Avvik
NÆRING OG TEKNISK			
NÆRING			
60100 DRIFTSTILSKOT SYKKYLVEN NÆRINGSUTVIKLING AS	761 500	1 191 000	429 500 ●
60101 NÆRINGSTILTAK (NÆRINGSFOND)	0	0	0
60102 ANDRE NÆRINGSFØREMÅL	448 126	450 000	1 874 ●
60103 OMSTILLINGSPROSJEKT	21 500	46 134	24 634 ●
60110 KONSESJONSAVGIFTER/KONSESJONSKRAFT	-14 880	-753 400	-738 520 ●
60120 VETERINÆRTENESTER	238 356	200 000	-38 356 ●
SUM FOR NÆRING	1 454 602	1 133 734	-320 868 ●
60200 FELLESADM TEKNISK	3 044 227	2 649 937	-394 290 ●
60201 BYGGESAKER/-KONTROLL	174 797	265 593	90 796 ●
60202 OPPMÅLING	807 588	414 006	-393 582 ●
60210 MILJØVERN	285 257	386 885	101 628 ●
60211 FISKE JAKT OG VILTSTELL	-212	-50 668	-50 456 ●
60212 LANDBRUKSFORVALTNING	1 347 116	1 340 079	-7 037 ●
60220 VAR-OMRÅDA	-1 146 325	-1 346 646	-200 321 ●
60230 FØREBYGGANDE ARBEID	2 694	77 000	74 306 ●
60231 BRANN- OG REDNINGSKORPSET	7 016 622	6 473 186	-543 436 ●
60232 FEIING	-50 298	-13 495	36 803 ●
60240 ADM BYGNINGAR	754 556	900 772	146 216 ●
60241 BYGNINGAR	33 601 651	33 766 360	164 709 ●
60251 BUSTADOMRÅDE (FESTEAVGIFTER)	115 589	0	-115 589 ●
60260 KOMMUNALE VEGAR	12 889 819	12 897 624	7 805 ●
60261 FLAUMSIKRING	58 576	40 000	-18 576 ●
60262 VEGLYS	1 520 056	1 000 000	-520 056 ●
60270 PARKAR OG GRØNTANLEGG	557 635	459 000	-98 635 ●
SUM FOR TEKNISK	60 979 348	59 259 633	-1 719 715 ●
SUM FOR NÆRING OG TEKNISK	62 433 950	60 393 367	-2 040 583 ●

Kommunedirektørens kommentarar til budsjettavviket næring:

Hovudårsaka til budsjettavviket er at låge kraftprisar gjorde at summen vi kjøpte krafta frå Sykkylven Energi AS og Stranda Energi AS for, vart høgare enn prisen vi selde krafta for. Kjøpesummen for krafta vi kjøper vert bestemt av NVE året før budsjettåret, men prisen vi sel krafta for er styrt av kraftmarknaden. Til vanleg har vi eit godt utbytte av sal av konsesjonskraft.

Einingsleiar teknisks kommentarar til budsjettavviket innan eininga:

Einingsleiar sitt ansvar her er oppfatta til at den budsjetterte løyvinga skal nyttast fullt ut, men då sjølvstøtt basert på å levere tenester i samsvar med etterspurd omfang og til fastsett kvalitet. Om desse tenestene kan utførast på ein stadig mindre kostnadskrevjande måte er det sjølvstøtt bra, gjerne då også slik at det medfører «pengar til overs» i budsjettet. Men akseptert/ymskt tenestnivå, ev. andre

uføresette utgifter, kan og gir meirforbruk i høve vedteke budsjett. For tete har vi for 2020 fleire postar med slikt meirforbruk, ref. :

Avvik 60200 Fellesadm teknisk kr 394 290

I budsjettoppsettet var der på post 16900, fordelte utgifter, teke inn kr 467.500 som eg meiner var tenkt dekt via at vi som jobba med prosjekt finansiert i investeringsbudsjettet, skulle «fakturere» medgått tid på aktuelt prosjekt. Dette har ikkje blitt gjennomført. Ei trøyst kan då vere at der følgjeleg er tilsvarande mindre forbruk i investeringsbudsjettet.

Avvik 60202 Oppmåling kr 393 582

Oftast vert utgiftene til innleigd oppmålingshjelp finansiert via kommunen sine oppmålings-gebyr. Meirforbruk til firma som utfører oppmålingstenester, skulle derfor «normalt» resultere i minst tilsvarande meirinntekt på gebyrsida. Slik vart det ikkje i år. Nokre 2020- gebyr var ved «årsoppgjeret» ikkje utfakturert. Nokre var eldre saker med lave gebyr. Nokre utsende rekningar er haldne tilbake. Dette siste då det vart fokusert på at oppmålingsgebyret for større landbrukseigedomar vart ca større enn omsetningsverdien. NU har bedd oss om å vurdere regulativet m.o.t. dette. Eit alternativ kan vere at oppmålar her arbeider etter medgått tid, og ikkje slik hovudregelen etter avtalen er, etter del av årets gebyr basert på arealstørrelse.

Avvik 60220 VAR-områda kr 200 321

Normalt skal VAR-området gå i «0». Avviket i år skuldast i hovudsak to tilhøve som ikkje kan dekkast via dei ordinære gebyrområda, her utgifter i høve VA-anlegg Nysæterområdet og Haugset avfallsdeponi. Kommunen har via Seas nytta midlar til utgreiing av mogleg avløpsløyse for områda kring Nysætervatnet. Prosjektet er avbrote, men utan at det t.d. er etablert eige gebyrområde. I mangel av anna finansiering, er påløpte utgreiingsutgifter derav sendt kommunen (ca kr 120.000). Vidare er der påløpt kostnader til etterdrift av Haugset avfallsdeponi. I kontaktorganet (SK/SE) vart det bestemt at utgiftene skulle fordelt likt mellom hushaldsavfall og næringsavfall. For næringsavfallet er der no i ettertid ingen å fakturere, slik denne utgifta(ca kr 63.000) var liggande udekt på kommunen som samla. Resterande dekt via hushaldningsgebyret/renovasjon.

Avvik 60231 Brann- og redningskorpset kr 543 436

Etter at brannkorpset vart rekna som fast tilsette, og tidlegare godtgjersle vart fast pensjonsgivande løn, har der for 2019 og 2020 vore uklare tilhøve med omsynet til verknaden for dei samla lønsutgiftene. For år 2020 har der i postområde 10100 – 10990 blitt samla underbudsjettert med kr 561.750. Noko av det samla meirforbruk skuldast også fleire utrykkingar; 95 stk. for år 2020, mot 84 for år 2019 og 69 i år 2018, men mestedelen er nok knytt til omlegging av lønna.

Avvik 60261 Flaumsikring kr 18 576

Rensking av div. vannpostar og rundt om i bygda. Budsjettert med kr 40.000. Enda på kr 58.576. Men eg har ikkje funne tak i om dei ekstra skjønnsmidlane på kr 90.000, tildelt av fylkesmannen ved brev av 27.05.20 (mappe 19/665), er medkomne i rekneskapen. Midlane skulle vere utbetalt per 3.juli. Som grunnlag for forbruk, ref. og vårt ansvar 17023; overvassanlegg.

Avvik 60262 Veglysking kr 520 056

Kommunen er avtalefesta til å nytte Seas til drift og vedlikehald av veglysa våre. Og kommunen mottok i så høve kvart år litt ut på nyåret ein faktura som inneheld dei utgiftene som Seas i løpet av tilbakelagt år har rekningsført i sitt «Prosjekt veglysking». For år 2020 kom rekningsføringa på kr 1.520.056. I kommunen sitt budsjettet var der reservert kr 1.000.000. Den budsjetterte summen tilsvara ca. gjennomsnittet for åra 2017/2018/2019. Kor store «marginar» ein skal ta ut for å sikre seg mot ei (mogleg) budsjettoverskriding, kan gjerne drøftast, men då også korleis slike «sikringssummar» skal plasserast i budsjettet.

Avvik 60270 Parkar og grøntanlegg kr 98 636

Utanom kontrakt er der nytta midlar til stell/vedlikehald av trea i sentrumsgatene og ekstra vedlikehaldsarbeid i kyrkjeparken ved leikeområdet. Der er utført gjerdearbeid som moglegvis rettare skulle vere ført på byggefelt med kr 43.876.

Ansvar	Rsk	Korr B	Avvik
SENTRALE STYRINGSORGAN			
KOMMUNELEIINGA			
70100 KOMMUNELEIINGA	5 454 014	5 103 631	-350 383 ●
70101 ANDRE FELLEUTGIFTER KOMMUNELEIINGA	1 206 326	941 488	-264 838 ●
70102 RÅDGJEVARAR	2 157 161	3 387 248	1 230 087 ●
70103 ØKONOMI	3 828 641	2 955 834	-872 807 ●
70104 BEDREDSKAP/OMSORGSBEREDSKAP	459 024	300 000	-159 024 ●
70107 KOMPETANSEUTV.MIDLAR HELSE	400	0	-400 ●
70108 KOMPETANSEUTV.MIDLAR UNDERVISNING	280 200	280 200	0 ●
70109 TILFELDIGE UTGIFTER OG INNTEKTER	-236 979	0	236 979 ●
70110 PROSJEKT INNAN HELSE OG OMSORG	8 000	0	-8 000 ●
70111 LØNN OG PERSONAL	2 698 059	2 334 299	-363 760 ●
SUM FOR KOMMUNELEIINGA	15 854 846	15 302 700	-552 146 ●
71000 FELLESTENESTENE	6 979 672	7 479 017	499 345 ●
71010 LÆRLINGEORDNINGA	1 329 096	1 451 158	122 062 ●
71013 ANNONSERING	358 963	314 780	-44 183 ●
71014 TELEFONITENSTER	337 403	602 625	265 222 ●
71015 IKT	6 240 958	6 134 821	-106 137 ●
71016 ANDRE FELLEUTGIFTER	1 868 451	1 667 417	-201 034 ●
71017 HMS	80 661	180 000	99 339 ●
SUM FOR FELLESTENESTENE	17 195 204	17 829 818	634 614 ●
SUM FOR SENTRALE STYRINGSORGAN	33 050 050	33 132 518	82 468 ●

«Lønn og personal» vart i løpet av året flytta frå Fellestenestene til Kommuneleiinga. Det var berre reine lønnsutgifter som vart flytta og dette gjer at Kommuneleiing og Fellestenestene må sjåast under eitt. Samla sett ligg ein om lag på budsjettert sum.

Ansvar	Rsk	Korr B	Avvik
KOMMUNESTYRET			
80000 POLITISK STYRING	3 504 636	4 420 237	915 601 ●
80003 ELDRERÅDET	32 376	36 293	3 917 ●
80020 KOMMUNEREVISJONEN	831 746	747 000	-84 746 ●
80021 KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET	260 662	202 080	-58 582 ●
80032 STØTTE TIL POLITISKE PARTI	95 000	95 000	0 ●
80033 VALSTYRET	5 102	0	-5 102 ●
80034 KOMMUNEREFORMA	17 702	0	-17 702 ●
80035 MEDLEMSSKAP KS	1 061 752	770 000	-291 752 ●
80040 SYKKYLVEN KYRKJELEGE FELLESRÅD	4 511 596	4 475 200	-36 396 ●
80041 TILSKOT TIL TRUDOMSSAMFUNN	362 790	250 000	-112 790 ●
80042 VIGSEL	-750	0	750 ●
SUM FOR KOMMUNESTYRET	10 682 612	10 995 810	313 198 ●

Tilskot til trdomssamfunn vart kr 362 790 mot budsjettet kr 250 000. Dette var siste året kommunane skal gi tilskot. Heretter kjem også dette tilskotet frå staten. Kommunedirektøren vil peike på at då tilskotet gjekk over til stat, vart rammetilskotet til kommunane redusert. Det som er svært leitt for Sykkylven kommune er at mens kommunen i år 2020 betalte ut kr 362 7900 i tilskot, vert vi trekt kr 677 000 når staten overtek frå år 2021.

Ansvar	Rsk	Korr B	Avvik
90010 SKATT PÅ FORMUE OG INNTEKT	-197 294 775	-195 187 000	2 107 775
90011 EIGEDOMSSKATT	-7 389 348	-7 696 338	-306 990
90020 RAMMETILSKOT	-248 844 627	-248 344 000	500 627
90030 GEN TILSKOT FLYKTNINGAR	-11 500 261	-13 500 000	-1 999 740
90031 KOMPENSASJON OMSORGBUSTADER	-607 571	-658 000	-50 429
90032 KOMPENSASJON BUAS	-1 548 099	-1 694 500	-146 401
90034 KOMPENSASJON SKULEBYGNINGAR	-308 763	-390 430	-81 667
93041 RESERVERT TIL LØNNSAUKE	-2 629 146	-2 629 145	1
93044 PREMIEAVVIK, BRUK AV PREMIEFOND	-509 861	205 500	715 361
93050 RENTER OG AVDRAG EIGNE LÅN	27 814 022	27 373 173	-440 849
93051 STARTLÅN (RENTER, GEBYR, ADMINISTRASJONSKOSTNADER)	32 608	100 000	67 392
93052 ORDINÆRE RENTER OG GEBYR	-910 788	-697 223	213 565
93053 UTBYTTE FRÅ SELSKAP	-7 058 445	-8 000 000	-941 555
93055 UTBYGGINGSAVTALAR NYSÆTRA	-285 000	-285 000	0
94001 DISPOSISJONSFOND	2 634 589	-1 107 912	-3 742 501
97001 TIDLEGARE ÅRS RESULTAT	-9 559 580	-9 560 000	-420
99000 ORDINÆRE AVSKRIVINGAR	-22 485 541	-22 485 540	1
SUM FOR FINANSIERING	-480 450 586	-484 556 415	-4 105 830
SUM TOTAL	0	0	0

Sykkylven 31. desember 2020
20. februar 2021

Geir Ove Vegsund
Kommunedirektør

Anild Bergström
Økonomisjef